

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep.

0033 OSLO

Vår dato
28.01.11

Vår referanse

Dykkar referanse

LOV OM ELSERTIFIKAT – HØYRING

Vi syner til høyringsnotat av 08.12.2010 om ”lov om elsertifikat”

Kvinnherad Energi AS er samd med regjeringa i at ei ordning med eit felles svensk/norsk sertifikatmarked er ein god måte å skapa eit grunnlag for ei satsing på fornybar energi. Vi er også glade for at lovutkastet legg opp til teknologinøytralitet.

Det vi er mindre nøgde med er overgangsordninga som vart fastsett med verknad frå 26. november 2009.

Overgangsordninga omfattar alle kraftverk med byggjestart etter 7. september 2009.

Basert på tydelege signal som Olje- og energiminister, Einar Steesnæs, kom med i stortingsmelding nr. 18 (2003 – 2004) og pressemelding med lovnad om at produksjon med byggjestart etter 1. januar 2004 skulle få høve til å vera med i ordninga, er det eit stort lovnadsbrot at ikkje alle vasskraftverk får vera med i ordninga frå denne dato. Det er også grunn til å minna om komiteen si handsaming av stortingsmelding nr. 18 (2003 – 2004)

Kvinnherad Energi vil be om at alle nye kraftverk og alle som har rusta opp og utvida eldre kraftverk for å auka produksjonen etter 1. januar 2004 får ta del i den nye ordninga med elsertifikat.

Vi vil også rå til at overgangsordninga skal gjelda frå produksjonstartstidspunktet i staden for byggjestart.

Kvinnherad Energi eig i dag Muradalen Kraftverk, som var bygd i 1919, og som for tida er under ombygging og modernisering, med produksjonsoppstart mai 2011.

Årsproduksjonen er auka frå 8,5 GWh til 24 GWh.

Maskininstallasjonen er auka frå 1,2 MW til 4,8 MW.

Denne oppgraderinga vil verta ivareteken av det nye regelverket.

Finansdepartementet har kome med framlegg om at elsertifikat skal skattleggjast som grunnrente for anlegg som kvalifiserar til det. Vi støttar Energi Norge si fråsegn om at ei slik innføring vil gjera ordninga ikkje teknologinøytral, og det vil bli skilnader i investeringsinsentiva mellom Norge og Sverige.

Vår dato
28.01.11

Vår referanse

Dykkar referanse

Side
2 av 2

Oppgradering av eksisterande kraftverk har eit vesentleg potensiale. Det vil truleg vera fornuftig i alle fall utifrå eit miljøperspektiv å gi gode bedriftsøkonomiske insentiv til slik oppgradering. Her må det gjevast fritak for grunnrenteskatt opp til 10 MVA for å gjera grensa indifferent på val om maskinstorleik.

Framlegget om å grunnrenteskattleggja elsertifikat vil svekka kommunane sin del av skatteinntekter ytterlegare fordi inntektene til kraftverkseigaren og grunneigaren blir redusert. Lokalsamfunna i kommunane er avhengige av både private og kommunar har inntekter som ikkje berre er finansierte av overføringar frå staten.

Det er også fleire døme på statlege støtteordningar til bransjar som har skattefritak. Kvinnherad Energi er uroa over at reine naturbaserte næringar, som det er ein del av i vår kommune, skal bli skattlagde mykje strengare enn det vi ser andre næringar blir utsett for. Utifrå eit fordelingsperspektiv og rettferd mellom bransjar må det ikkje vera grunnrenteskatt på elsertifikat.

Med helsing
Kvinnherad Energi AS



Hans Martin Hjelmeland
Adm. direktør